

Korleis gå fram om du er uroleg for eit barn, ein ungdom eller ein familie?

I Ørskog kommune tek vi uro som gjeld born og unge alvorleg. Er du uroleg for eit barn, ein ungdom eller ein familie kan du få hjelp til korleis du skal gå fram av tilsette i kommunen. Ved at du tek kontakt, kan du bidra til at den/dei det gjeld får den oppfølginga og hjelpa dei treng. Les meir her

Du kan kontakte helsestasjon/skulehelsetenesta. Du kan også be om at vi kontaktar deg ved å sende sms til helsesøster.

Om du ønsker det så kan du drøfte det du er uroleg for anonymt med PPT eller Storfjorden Barnevern.

Du kan også snakke med nokon på alarmtelefonen for born og unge. Les meir om [alarmtelefonen for born og unge](#)

I den digitale, interaktive modellen «Trygge barn» skal du finne relevant informasjon til korleis du kan gå fram om du uroar deg for nokon. Modellen er bygd opp med ein sirkel for kvart av dei tre nivåa: kommune, etat og individ, og skal vere brukarvennleg. Meld tilbake til prosjektgruppa om du har innspel til forbetringar av modellen.

Ta kontakt om du ynskjer nokon å snakke med:

- Helsestasjon nr 70 27 36 90
- Leiande helsesjukepleiar sms 480 30 464
- Skulehelsetenesta mobil nr 480 30 464
- Psykisk helse nr 70 16 59 76
- Storfjorden PPT nr 70 16 59 60
- Storfjorden Barnevern nr 70 24 40 31 / 919 11 966
- Alarmtelefonen for barn og unge nr 116 111
- Årøyhaugen barnehage nr 70 16 59 57
- Lande Fus barnehage nr 976 45 757
- Ørskog skule nr 70 16 59 50
- SFO nr 948 11 247
- Koordinerande eining nr 70 16 59 00

NB: Ved mistanke om vald eller overgrep skal du ta direkte kontakt med Politi 112 eller Storfjorden barnevern 70 24 40 31/ 919 11 966 eller alarmtelefonen nr 116 111